




Kyrkjebladet

for
BYGLAND

Nr1

Påske 2021

78. årgang



Kyrkjelyden samla til Friluftsgudsteneste på Hovatn. Foto: Jakob Gakkestad

**Dette kan du
lese om i
Kyrkjebladet:**

Andakt.....	s. 2
Friluftsgudsteneste ved Hovassdammen	s. 3
Fasteaksjonen 2021	s. 4-5
Fisketuren.....	s. 6
Friluftsgudsteneste i draumever	s. 7
Trivelege andaktar på Byglandsheimen	s. 8
Trusopplæring for borna i Bygland.....	s. 9
Gudstenesteliste, ætt skal fylgja ættarrad, konfirmasjonar i Bygland og Årdal	s. 10
Oppsving for heimesida, takk til Harry Andersen, tilsette og kontaktinformasjon	s. 11

Synda som heng så fast ved oss

Av sokneprest Kjell Steinbru

Overskrifta her er eit utdrag frå eit bibelvers i Hebrear brevet 12,1. Det opphavelige ordet for å henge fast er berre brukt i dette verset i den opphavelige greske Bibelen. Ordet kan også omsettast med «omgir oss», eller «fangar oss».

Det heile verset og litt av det neste lyder som så: *«Difor, når vi har så stor ei sky av vitne kring oss, så lat oss leggja av alt som tyngjer, og synda som heng så fast ved oss, og halda ut i det løpet som ligg framfor oss, med blikket fest på Jesus, trua sin opphavsmann og fullendar».*

Det har vorte litt vanskeleg å tale om synd for oss prestar og predikantar no til dags. Vi får jo stadig høyre av kyrkja berre talar om synd. Og at det er så trist og så utriveleg. Så har det vorte meir tale om kjærleik i vår tid. Det skal liksom litt mot til å tale om synd.

Men alt høyrer med i den kristne budskapet. Det vil seie, hovudvekta skal ikkje ligge på synda i seg sjølv, men på syndstilgjevinga. Det er målet med å tala om synd. Ja, det er vel to mål eigentleg. Vi skal i våre liv ta avstand frå synda og leve eit liv så godt vi kan etter Guds vilje og bod. Samstundes, og det er det andre, så skal vi vedkjenne at heilt og fullt klarer vi det ikkje. Synda heng fast ved oss.

Jesus setter særst høge krav til oss menneske. I bergpreika seier Jesus: «Ver då fullkomne, liksom Far dykkar i himmelen er fullkomen».

Ja, så høgt legg Jesus lista. Men å

nå opp til Gud Fader sjølv i reint og heilag liv kan vi aldri klare å få til. For synda omgir oss, fangar oss og heng så fast ved oss.

I kapittel 7 i Lukasevangeliet kan vi lese om ei kvinne som hadde på seg eit rykte om at ho levde eit syndefullt liv. Det var sjølv sagt ikkje greitt. Det ho gjorde da ho oppsøkte Jesus var ganske spesielt. Jesus var nemleg denne dagen invitert til eit gjestebod hos farisearen Simon. Farisearane var jo blant dei som hadde best omdømme i den tida. Så dette var nok eit fint gjestebod. Så skjer det at mens dei ligg til bords kjem denne syndefulle kvinna inn og tek til å veta Jesu sine føter med tårene sine, ho turka dei med håret sitt, og salva føtene med kostbar olje.

Simon tenkjer sitt, men teier. Men Jesus veit kva han tenkjer: «Var denne mannen (Jesus) ein profet, visste han kva slag kvinne det er som tek i han, at ho lever eit syndefullt liv.» Men ut frå dette selskapet er det ikkje Simon, men kvinna som får med seg ei velsigning frå Jesus. Den lyder sånn: «Syndene dine er tilgjevne. Trua di har frelst deg. Gå i fred!»

Det er akkurat dette som er kjerna i den kristne budskapet: Tilgjeving for syndene. Her er det heller ikkje skilnad på store og små syndarar. I Romarbrevet skriv Paulus: «Alle har synda og manglar Guds herlegdom.»

Overfor Gud finst det ikkje skilnad mellom menneske: «Her er ikkje jøde eller grekar, her er ikkje slave eller fri, her er ikkje mann og kvinne.

De er alle éin i Kristus Jesus.»), skriv Paulus i Galatarbrevet.

Vi er no inne i fastetida, og på veg mot påske. Alt det uforståelege som skjedde med Jesus i påska, skjedde for vår skuld. All lidning, død og fornedring gjekk Jesus gjennom for å ta på seg vår synd og vår skuld. Han nagla synda vår til krossen ei gong for alle. Dermed kan vi kaste all vår skuld på han, og så stå reine og rettferdige overfor Gud.

Så er det ikkje syndsvedkjenninga som er kjerna i den kristne budskapet, det er syndstilgjevinga. Syndsvedkjenninga er berre eit steg på vegen mot den fulle tilgjeving.

I Bygland har vi no teke i bruk ei ny syndsvedkjenning som lyder sånn: *Heilage Gud, himmelske Far, sjå i nåde til meg, syndige menneske, som har såra deg med tankar, ord og gjerningar og kjenner den vonde hug i hjarta mitt. For Jesu Kristi skuld, ha tol med meg. Tilgjev meg alle mine synder, og gjev at eg må ottast og elska einaste deg.*

Etter at vi med desse orda har vedkjent oss syndene, kjem syndstilgjevinga gjennom eit vers frå salme 103 i Det gamle testamente. Det er ei Davidssalme:

Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss.

Lat desse orda vere med oss inn i påskas store mysterium og glade budskap!

Friluftsgudsteneste ved Hovassdammen

Tekst Knut Gakkestad • Foto: Jakob Gakkestad



Velkommen til friluftsgudsteneste

Det vert friluftsgudsteneste ved Hovassdammen, paldmesundag 28. mars kl.12.00.


Det er viktig å samarbeide om transporten, for at det skal bli så få skoterar som mogeleg. Men det er også mogeleg å gå enten på ski eller til fots i skoterlåma frå Haugetveit og opp til Hovatn.

Dersom det er ulageleg ver vert gudstenesta i Sandnes kyrkje.



Forandre – For andre

Sjå for deg at du vaknar i morgon, og at når du skur på vatnet for å pusse tennene kjem det skittent vatn ut av krana. Drikk du vatnet risikerer du å bli sjuk, og du får heller ikkje vaska hendene. Dette er realiteten for mange menneske i landa Kirkens Nødhjelp arbeider i, og viss koronaviruset kjem i tillegg til ureint vatn, kan konsekvensane bli enorme. Pengane Kirkens Nødhjelp samlar inn til Fasteaksjonen i år, er viktigare enn nokon sinne – og DU kan være med å gjere ein skilnad!



I dag lever 785 millionar menneske i verda utan tilgang til reint vatn. Aldri før har reint vatn og såpe vore så viktig som no under pandemien. Dette er jo noko som vi tek som heilt sjølvstøtt. Det er det ikkje for alle. Ureint vatn tek liv, og det er alltid dei små borna det går verst ut over. No kan vi hjelpe Kirkens Nødhjelp med å byggje fleire brønningar og redde fleire liv. For 250 kr kan du gje eit menneske tilgang til reint vatn resten av livet. Det er ikkje meir enn 8 halvliters flasker med Coca Cola.

Bli med! Forandre! For andre! Fasteaksjonen er Noregs nest største innsamling, og har vore

arrangert i over 50 år. Tidlegare har det vore konfirmantar som har stått bak bøssebæringa. Dei har banka på i dørene i kommunen og med deira innsats har vi kunne vi gje reint vatn til menneske som ikkje har hatt tilgang til det. I fjor vart innsamlinga heildigital og desverre gjer pandemien det vanskeleg å gå frå dør til dør også i år. Vi sett svært stor pris på om du støtter Bygland kyrkjelyd si digitale bøsse. Reint vatn er viktigare enn nokon gong. Tusen takk for di livsviktige støtte!

Korleis støtte aksjonen?

I dette kyrkjebladet ligg det ei fastebøsse. Der kan ein legge ein slant kvar dag, og så til slutt overføre beløpet til Kirkens nødhjelp. Det kan ein gjere på fleire måtar:

Kyrkjelyden har oppretta ein innsamlingsaksjon på Face-

book. Den finn ein på denne sida:

www.facebook.com/Bygland-skyrkjene/

På fastebøssa står det både eit vippsnummer og eit vanleg kontonummer ein kan nytte til vanleg bankbetaling. For dei som har Vipps er det veldig enkelt å vippsse eit lite beløp kvar dag til nummer 2426. Mange bekkar små gjer ei står å!

Ein kan også lett sende ein SMS: Send da kodeord VANN til 2426. Da vert det automatisk trekt 250 frå mobilrekninga.

På fasteaksjonen si heimeside finn ein mykje fin informasjon. Mellom anna reportasjar om menneske som har fått lagt inn reint vatn i landsbyen sin. Sida har denne adressa:

www.fasteaksjonen.no



Vassjenta

Tekst: Anette Torjusen Foto: Jason Mulikita/Fairpictures

Fem år gamle Champo Miyambo elsker vatn, derfor passer det perfekt at ho no berre kan gå nokre meter bort til brønnen. Slik har det ikkje alltid vore.

Vi møter den blide femåringen ved pumpa som no gjev reint vatn til landsbyen. I dag er ho med storesystera si Mary på 13 år for å fylle opp kannene med reint vatn.

Champo bur i landsbyen Kasalaulo i Zambia saman med 1753 andre. Ho bur i eit hus som ho deler med mamma Susan og sine fem sysken.

– Der borte bur eg, seier ho og peiker på eit lite hus laga av gras og leire. Utanfor trippar hønsa, mens eit par av søskena hennar slappar av på trappa.

Måtte gå i timevis

Champo er så liten at ho ikkje kan minnest korleis det var å ikkje ha reint

vatn. For før Kirkens Nødhjelp bora ein brønn i 2018, måtte dei drikke og lage mat av vatnet dei henta i elva langt unna. Før dei fekk reint vatn i landsbyen, var dei mykje sjuke. Elva var deira einaste kjelde til vatn. Den var både skitten og full av bakteriar. Mamma Susan fortel at det var mye slit og sjukdom. I tillegg måtte dei gå langt.

Glad i frukt

Champo har ikkje begynt på skulen enno, så når ho ikkje er ute og leiker med sysknene eller venene sine, liker ho å hjelpe mamma Susan med å lage mat. – Eg er veldig glad i mango, smiler ho. I landsbyen dyrkar de mango, sharon og ein rotgrønsak som

heiter kassava. Den smaker nesten som potet. I tillegg sel mora hennar fisk på marknaden. Så dei har ofte fisk på menyen heime.

Vesleboren

Champo elsker å vere med familien sin, og ekstra stas er det å være med veslebror Chishimba. – Eg bruker å mate han, og det er gøy. I landsbyen er dei ikkje lenger uroa for at borna skal bli sjuke av skittent vatn, men heller at dei skal bli smitta av covid-19. Derfor er det ekstra viktig at landsbybebruarane har tilgang til reint vatn, til både handvask og for å hindre utbrot av andre sjukdommar i tillegg til pandemien.



FORANDRE. FOR ANDRE.


KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Fisketuren

Tekst: Svein Kleivane • Foto: Olav Nilsen

Det var Harry Andersen og Svein Kleivane. Den gong henholdsvis kyrkjetenar og klokkar i Bygland.

Dei hadde lagt garn i eit heievatn der dei hadde høyrte at fisken skulle vera stor, men fåtallig.

Stor var overraskinga neste morgon då ein aure i 2-kilosklassen kom til syne. Den hekk berre i tennene i det småmaska garnet, men klokkaren - som kan vera rask når situasjonen krev det - fekk den dyrebare fangsten såvidt over båtripa - til samtemd jubel. Akkurat då gjorde auren eit voldsomt

sprell, reiv seg laus frå garnet, spratt over ripa, og til sjøs att.

Fortvilinga var stor, men den forventede middagsmaten gjorde først ein elegant sving bort frå båten like under overflata. I det den snudde nasa mot botnen, lyfta halen seg over vatnet og vinka - på ein måte som minna om dei kongelege på slottsbalkongen 17. mai.

Høgst upassande for dei to som denne gongen var publikum.

"Debriefing" er viktig for alle som

har opplevd tragiske eller dramatiske hendingar, for å unngå psykiske seinverknader.

Difor vart det arrangert ei slik debriefing på stranda like etter ilandstigning.

Med den bakgrunn dei to fiskarane hadde, var det ikkje til å unngå at dette etter kvart tok ei bibelsk vending.

Konklusjonen var at det gjekk med dei to som med Moses. Han fekk berre skoda inn i det lova landet...



Kyrkjetenaren og klokkaren etter debriefinga.

Friluftsgudsteneste i draumevêr!

Ved Kjell Steinbru



Det er krevjande tider for land og folk. Koronarestriksjonane set strenge grenser for korleis vi kan samlast til aktivitetar. I kyrkjene gjeld i skrivande stund ein to-meters avstand mellom kvar deltakar når det er felles salmesong. Men om ein kan ha gudstenesta utandørs er det lettare å gjennomføre den etter dei smittevernreglane som gjeld.

Då tida for den tillyste gudstenesta den 28. februar i Sandnes kyrkje nærma seg, såg vêrutsiktane ut til å vere dei aller beste til å vere den siste dagen i februar. I samråd med kyrkjjetenar Knut Gakkestad vart vi einige om å ha gudstenesta på plassen framføre Åraksbø Grendehus.

Då vi rigga til til gudstenesta, kom sola fram over heia og skein så klårt og fint og varma opp plassen der folk sat. Heilt vindstille var det òg. Så blei det ei fin stund der oppe.

Preiketeksten denne sundagen var frå Lukas kapittel 7, om «Kvinna som fekk syndene sine tilgjevne». Bodskapen ho fekk med seg ut frå møtet med Jesus var dette: «Syndene dine er tilgjevne. Trua di har frelst deg. Gå i fred!». Ein herleg og frigjerande bodskap som også vi kan ha med oss i våre liv.



Stabssamling rundt bålpanna:
Fyrbøter og klokkar Knut Gakkestad,
presten Kjell Steinbru og organist
Knut Olav Uppstad.

Etter gudstenesta serverte kyrkjjetenar Knut Gakkestad bålkaffi. Her var det ingen som hadde det travelt med å kome seg heim att.



Med dei finaste kulisser ein kan tenke seg las Knut Gakkestad dagens tekst.

Trivelege andakter på Byglandsheimen

Tekst og Foto: Kjell Steinbru



Her er eit bilete av dei som var samla til andakta tysdag 2. mars. Frå venstre: Eivind Attestog, Birgit Eldhuset, Anne Voll-en, Jorunn Lande, Gunnar Gautland, Torbjørg Mosdøl, Gerd Mosdøl, Knut Olav Uppstad, Gunnar Lande, Margit Smedsland, Astrid Nordgarden og Kjell Steinbru.



Organisten Knut Olav Uppstad i gang med eit postludium over salma Nu rinder solen op af østerlide. Det er ei gamal salme med tekst av Thomas Kingo og i ei folketone etter Ingebjørg Liestøl frå Åseral. Knut Olav Uppstad vart godt kjend med Ingebjørg Liestøl avdi dei ofte vitja mor hans sin heimplass i Espelid. I nabohuset budde Liestøl. Ho kalla han berre for «Knøttet» da han var liten.

Annankvar tysdag er det andakter på Byglandsheimen. Det er presten som leier andakta. Den som spelar til salmane er organisten vår Knut Olav Uppstad. Ofte er også Gunnar Gautland med og syng, og det er alltid populært.

No mens vi har koronarestriksjonar, er andaktane lukka for besøk utanfrå. Men elles er det triveleg om det kjem besøk til desse samlingane.

Aktivitetsleiari Margit Smedsland er den som er kontaktpersonen til Byglandsheimen. Ho passer på at dei som ønskjer å vere med på andakta blir minna på det, og at dei som treng hjelp for å kome til andakta får det. Ofte er presten på besøk til dei som ikkje er sterke nok til å kome til andakta.

Ei andakt består av salmesong, lesing av ei bibeltekst, ei lita preike, ei bøn med Fadervår, og avslutning med Velsjinga. Heilt til slutt plar organisten spele eit, og av og til fleire, stykke på orgelet. Nokre gonger har det vorte ein liten ynskjekonsert utav det.

Trusoppløring for borna i Bygland

Helsing frå trusopplæraren Ann-Carina



Det har vore vanskeleg å få til trusoppløringstiltaka i Bygland i haust på grunn av alle dei restriksjonane pandemien fører med seg. Men no satsar trusopplæraren vår i samarbeid med soknepresten på å få til desse samlingane:

SUPERLAURDAG for 4- OG 6-åringane den 20.mars kl. 14-16 på Vonheim bedehus.

KYRKJEROTTER for 5-åringane den 21.mars kl. 14.30-16.00 på Fredheim bedehus.

LYS VÅKEN/KYRKJEKINO for 6-åringane den 21.mars kl. 17.30-19.30 på Fredheim bedehus.

PINSESAMLING for 9-åringane den 20.mai kl. 17.00-18.30.

Velkomen til meningsfulle og trivelege samlingar.





Kom til Guds hus!

VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

Gudstenester i Bygland og Årdal våren 2021

Vi presenterer denne gudstenestelista i Kyrkjebladet vel vitande om at mange av gudstenestene framover vil bli avlyst. Men på det noverande tidspunkt veit ingen når vi kan taka til med normal drift igjen i kyrkja. Vi har samtale med konfirmantane og dei føresette om å avvikle konfirmasjonane i august og september. Det vil framleis bli avvikla dåp, vigslar og gravferder. Men på desse arrangementa vil det vere avgrensing på kor mange som kan vere til stades i kyrkja.

Vi ber dykk følgje med i lokalavisa og på kyrkjelyden si Facebookside og på heimesida. På desse sidene vil det bli lagt ut mykje anna informasjon også. Her er helsing frå biskopen og andakter og betraktningar som det kan vere fint å få med seg i desse vanskelege tider.

Facebook:

www.facebook.com/Byglandskyrkjene/

Heimesida: www.kirken.bygland.no

28. mars. Palmesundag

Hovatn ved Åraksbø kl. 12:00. Friluftsgudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekt: Matteus 26,6-13: «Jesus blir salva i Betania».

1. april. Skjærtorsdag

Bygland kyrkje kl. 19:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekt: Lukas 22,14-23: «Nattverden». Takkoffer: Bibelselskapet.

2. april. Langfredag

Årdal kyrkje kl. 19:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekt: Lukas 22,39-23,46: Lidings saga.

4. april. Påskedag

Bygland kyrkje kl. 16:00. Høgtidsgudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekt: Matteus 28,1-10: «Jesus står opp». Takkoffer: Kirkens SOS.

18. april. 3. søndag i påsketida

Årdal kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekt: Johannes 10,1-10: «Jesus er porten». Takkoffer: Misjonsalliansen (Kyrkjelydens misjonsprosjekt).

2. mai. 5. søndag i påsketida

Sandnes kyrkje kl. 16:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekt: Lukas 13,18-21: «Likningane om sennepsfrøet og surdeigen». Takkoffer: Evangeliesentret.

9. mai. 6. søndag i påsketida

Bygland kyrkje kl. 11:00. Samtalegudsteneste med konfirmantane ved Kjell Steinbru. Preiketekt: Matteus 7,7-12: «Be, så skal de få». Takkoffer: Kristen Idrettskontakt – KRIK.

17. mai

Årdal kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste ved vikar. Preiketekt: Matteus 22,17-22: «Er det rett å svare skatt til keisaren?». Takkoffer: Frelsesarmeen.

23. mai. Pinsedagen

Årdal kyrkje kl. 18:00. Høgtidsgudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekt: Johannes 14,15-21: «Lovnad om Den heilage ande». Takkoffer: Fredheim bedehus.

30. mai. Treeiningssundag

Bygland kyrkje kl. 12:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekt: Lukas 10,21-24: «Kven Sonen er». Takkoffer: Vonheimkoret.

6. juni. 2. søndag i treeiningstida

Sandnes kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekt: Johannes 3,26-30: «Døyparen Johannes vitnar om Jesus». Takkoffer: LEGO Romania. Årsfest/årsmøte for Bygland og Årdal sokn.

20. juni. 4. søndag i treeiningstida

Tveitå på vestsida av Byglandsfjorden kl. 12:00. Friluftsgudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekt: Matteus 16,24-27: «Å følgja Jesus». Takkoffer: Kirkens nødhjelp.

ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



Døde

Anne Bakke,
født 12.12.1952,
død 12.12.2020

Arna Bakke,
født 23.09.1942,
død 19.01.2021

Gunstein Skomedal,
født 20.06.1933,
død 08.01.2021

Gerd Besteland,
født 12.08.1934,
død 08.01.2021

Konfirmasjonar i Bygland

Etter tilråding frå kyrkja si leiing og i samråd med dei føresette vert konfirmasjonane også i år flytta til tidleg haust. Dette gjer vi i håp om ein betre smittesituasjon til hausten. Så kan konfirmasjonen bli den festen den skal vere for konfirmantane. Konfirmasjonane vert da desse dagane:

Laurdag 28. august kl. 12:00: Bygland kyrkje

Thomas Torsvik Bratteland
Pernille Larsson Olsen
Eskil Fjerdingsstad Vegusdal
Therese Lande

Søndag 29. august kl. 11:00: Sandnes kyrkje

Annbjørg Haugen
Ingrid Bue
Jon Vegard Sundt Kolbu

Laurdag 4. september kl. 11:00: Årdal kyrkje

Oskar Rokoengen Kjetså
Ida Helen Langhelle Åsen
Caroline Gorseth Nilsen

Laurdag 4. september kl. 14:00: Austad kyrkje

Anja Sordal Nomeland

Oppsving for heimesida



Knut Olav Uppstad.

Bygland kyrkjelyd har si eiga heimeside. Den har adressa: www.bygland.kyrkjelyd.no Det har lenge vore nokså lite aktivitet der. Men no har dette verkeleg endra seg. For no har Knut Olav Uppstad kome inn som ein god medarbeidar i drifta av sida. No har det vorte lagt ut mykje fint stoff som berre er å finne der. Hans eige bidrag er salmar som han har spela inn og lagt ut der under fana «Kyrkjelyd». Her vil ein også finne presten sine 4-5 minuttars preiker til kvar søndag framigjennom. Her er det ein kalender med oversikt over gudstenester framover. Her ligg også Kyrkjeblad med mange nummer attende i tid. Dei som ønskjer dåp kan melde barnet sitt til dåp her. Men for dåp er det greitt å ta kontakt med soknepresten i

forkant så ein kan avtale tid og stad for dåpen. Og mykje anna fint stoff. Og meir skal kome etter kvart.

Takk til Harry Andersen og dei gode hjelparane hans

Jolaftan i fjor tok vår trufaste medhjelpar Harry Andersen eit svært prisverdig initiativ.

"Kjærleik gjer oppfinnsam" heiter det jo, og i ei tid med store restriksjonar på innandørs gudstenester, var det befriande å få besøk av Harry Andersen som foreslo at ein la jolaftansgudstenesta utandørs ved Bygland kyrkje. Som sagt så gjort.

Tor Ånon og Vidar Kleivane ordna lyd og høgtalaranlegg, orgeltonar frå vår kjære organist Knut Olav Uppstad klang så fagert både inne og ute, Gunnar Gautland song solo, Svein Kleivane las jolevangeliet, og Guro Kvaale Skibsrud las ei vakker joleforteljing. Ordførar Sigbjørn Åge Fossdal hadde ei helsing og takka for frammettet, og etterpå serverte Ann Cecilie Andersen juleglogg til alle dei frammette. Rundt 100 Byglendingar hadde tatt vegen til Bygland kyrkje denne gilde jolekvelden, då veret attpåtil viste seg frå si aller beste side.



Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,
Sentrum 18
4745 Bygland
Bygland kommune:37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

Sokneprest Kjell Steinbru

Telefon:473 28 472
E-post:
kjell.steinbru@kirken.bygland.no

Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telefon:982 99711
E-post: kbnilsen@hotmail.com

Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Marit Taksdal
Mobil: 414 02881
E-post: taksdalmarit@gmail.com

Nestleiar: Guro Kvaale Skibsrud

Mobil: 913 26596
guro.kvaale.skibsrud@bygland.kommune.no

Tilsette

Organist

Hans Jurgen Wiehe915 47 804
Knut Olav Uppstad (eige firma)
Mobil:400 41041
Mail: uppstad@gmail.com

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad948 80 383

Kyrkjetenar, Årdal

Tore Moseid.462 39056

Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Kim Andre Thorstensen ..984 69 989
Svein Kleivane977 74 321

Kyrkjetenar, Austad

Tore Moseid462 39 056

Klokkar, Austad

Svein Kleivane977 7 4321
Knut Gakkestad948 80 383

Reinholdarar

Tora Vegusdal (Årdal) 975 07034
Marie Bue (Bygland)482 10 259
Magdalena Bloch
(Sandnes)912 56159
Therese Gautestad
(Austad)901 94676

Prostidiakon

Per Emanuelson977 19173
Mail: pe-em@online.no

Returadresse: Setesdalstrykk a.s
Kinovegen 16, 4735 Evje



*Sandnes kyrkje ein fager vinterdag.
Foto: Brit Bechensteen*